



Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:

16.02.2026

Vår ref:

2026/3042

Dykkar dato:

Dykkar ref:

«Høyringsfråsegn»
202601859

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hermund Mjelstad, 5764 3124

Høyring - fråvik frå manøvreringsreglement - Store Vargevatn - Aurland kommune

Villreinnemnda viser til brev 09.02.2026 frå NVE om avgrensa høyring av søknad om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Store Vargevatn i Aurland kommune.

Bakgrunn

Det er søkt om å fråvike manøvreringsreglementet for Store Vargevatn ved å senke vasstanden med ein meter under LRV (lågaste regulerte vasstand). Senkinga er planlagt innafør tidsperioden 15.04.2026 – 29.05.2026.

Det skal skiftast ut eit defekt boblerøyr som målar vasstanden, og vasstanden må senkast med ein meter for å få dette til. Arbeidet tek om lag to dagar, i tillegg til tid for å tappe ned magasinet og fylle det opp igjen. For å sikre gjennomføring er det planlagt å gå under LRD i 10 dagar innanfor eit tidsspenn på seks veker.

Vurdering/tilråding

Det er lite ferdsle og anna aktivitet i denne delen av Nordfjella, og heller ingen ferdsleveggar som går her. I alle fall vinterstid er det eit roleg område som villreinen tidvis nyttar. Når kalvinga er vest i området retning Viddalsdammen, vil reinen gjerne passere Store Vargevatnet på veg frå aust. Dyra vil passere i hovudsak rundt vatnet for å unngå sprekkdanningar m.m. som er vanleg når magasinane blir tappa ned gjennom vinteren.

E-postadresse:
sfvpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding


Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:
Trygve Skjerdal, Skjerdalsvegen
114, 5745 Aurland
Tlf. 97526883
E-post:
trygve.skjerdal@privat.alb.no

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Tlf. 57643124
fmsfhm@statsforvalteren.no



Fig.1. GPS plott frå 2025, og til i dag. Viser at villreinen har vore ved Store Vargevatn fleire gonger gjennom året, m.a. i februar, midten av april, i juni, juli, august og oktober.



Villreinnemnda vil tilrå at det blir halde kontakt med Aurland Fjellstyre, villreinutvalet og Statens naturoppsyn for å bli orientert om kor reinen er ved oppstart av arbeidet. Dersom det kjem rein på trekk mot kalvingsområda lengre vest, som det er godt mogleg dei gjer i april, må arbeidet kunne stogkast på kort varsel. Det er i dag berre ein GPS sendar att i Nordfjella sone 2, slik at ein har ikkje lengre veldig god kontroll på kor dyra er til ein kvar tid. Men hovuddelen av dyra er det likevel nokolunde kjennskap til kor er.

Utover dette har ikkje villreinnemnda spesielle merknader til høyringa.

Med helsing

Trygve Skjerdal
leiar

Hermund Mjelstad
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:
Aurland kommune

Vangen 1

5745

AURLAND